

Saksprotokoll

Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida

Arkivsak-dok. 18/00293
Saksbehandler Eldgrim Springgard

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sektorutval for kultur og oppvekst	21.08.2018	21/18
2 Formannskapet	10.09.2018	41/18
3 Kommunestyret	20.09.2018	40/18

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune byggjer om Nedre-Ål skule for å gi plass til alle elevane i sentrum, og legg ned Skattebøl skule frå hausten 2020. Det blir løyvd midlar i budsjett 2019 til ombyggingsarbeidet slik det er skissert i saksutgreiinga.
3. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular i Leveld og på Torpo. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

Formannskapet har behandla saka i møte 10.09.2018 sak 41/18

Behandling

Kommunalsjef Eldgrim Springgard heldt ei orientering før saka vart drøfta. Formannskapet drøfta den politiske framdrifta i saka. Det vart semje om at saka skal opp i kommunestyret i september.

Framlegg frå Ole Egil Trinrud (Sp):

Ta bort pkt 2 i rådmannen sitt framlegg. Nytt punkt 3: Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular for 1.-7. trinn i Leveld og Torpo. Skattebøl held fram som 1-4 skule. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

Framlegg frå Anne Vetteren Grøthe (Sp):

Nytt punkt 1:

Ål kommune held fast på dagen desentraliserte barnehagestruktur ved å førebels skalere ned drifta i alle barnehagane.

Framlegg frå Dagfinn Bøygard (Ap):

Det vert opna for frivillig elevutjamning. Det skal vurderast i kvart enkelt tilfelle om det er ledig kapasitet ved den skulen det vert søkt på. Framlegget vart seinare trekt.

Votering

Framlegget frå Ole Egil Trinrud (Sp):

Framlegget vert tilrådd med 4 røyster (2 Sp og 2 Ap).

Framlegget frå Anne Vetteren Grøthe (Sp):

Endring i punkt 1 vert tilrådd med 4 røyster (2 Sp og 2 Ap)

Framlegget frå Dagfinn Bøygard (Ap):

Framlegget vart trekt.

Framlegget frå SUKO fekk 3 røyster (1 H, 1 Krf og 1 V) og fall.

Formannskapet si innstilling:

1. Ål kommune held fast på dagens barnehagestruktur ved førebels å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular for 1.-7. trinn i Leveld og Torpo. Skattebøvl held fram som 1-4 skule. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.